



Ørjan Mo med ein leppefisk (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ferietrafikken til hamnane våre har ikkje vore stor denne sommaren. Hamnevert Johan Sunde kan rapportera om eit topp-besøk på berre 15 gjestebåtar i båtlaget si hamn og grunnen er det dårlege ferieveret. Difor vekkjer det oppsikt at ein båt ligg i hamna ei heil veke. Det har fiskebåten Ramona gjort – til den i dag set kursen nordover i fjorden.



Dette er berggyllt, no er ho ikkje lenger ein mindreverdige fisk! (Foto: Wikipedia)

Forklaringa er at fiskar Ørjan Mo frå Norheimsund, som eig båten, har vore på jobb i traktane rundt Uskedalen. Han slår fast for uskedalen.no at det har vore eit vellukka opphald på alle måtar. Det er meir fredeleg og roleg her enn til dømes på Husnes der han også har hatt basen sin. Men framfor alt er det viktig at han har gjort gode fangstar her av den fisken han har spesialisert seg på og det er leppefisk. No er ikkje den lenger mindreverdige, den er svært verdifull.

I ei tid der alle snakkar om lusplaga på laks på bane er leppefisk hyperaktuell.

Når Mo i dag forlet Uskedalen er det med full tank av leppefisk som han skal levera på eit oppdrettsanlegg i Mundheim. Der vil fisken bli sluppet ut i mærene og så forsyner han seg med lusa på oppdrettsfisken! Hvis leppefisk etter kvart kan eta opp lusa i så stor grad at det blir eit kjemikaliefritt miljø i denne næringa, vil det bety mykje. Hvis det i tillegg blir mogeleg å starta oppdrett i stor skala av leppefisk vil det bety ein liten revolusjon, seier ekspertane.

Leppefisk som er ein piggfinnfisk består av 6 artar og det går mest i berggyllt, fortel fiskaren. Dei andre er bergnebb, grøngyllt, blåstål, grasgyllt og rødnebb. Blåstål er ein art som blir hanne undervegs i livsløpet! Det er om sommaren Mo fiskar leppefisk. Om vinteren satsar han på sei, lyr, torsk og andre. Båten kjøpte han i Tromsø for 2 år sidan og han er skreddarsydd for føremålet.

For ikkje å overbelasta stammen har det vore forbod mot å fanga leppefisk frå 1. april til 20. juni og det er ikkje lov å fanga leppefisk på under 11 centimeter.

Av Ola Matti Mathisen



Ramona har lege her ei veke (Foto: Ola Matti Mathisen)